



HAREID KOMMUNE
Plan- og utviklingsavdeling

Landbruks- og matdepartementet

Postboks 8007 Dep.
0030 Oslo

| | |
|----------------------------------|----------------|
| Landbruks- og matdep. | |
| Saksnr.: 2008 / 216 | Doknr.: 231 |
| Mottatt: 23 MAI 2008 ASR/ SEB | |
| Saksbehandler: 1AA | Arkiv: 479 |
| Kopier: | Avskrift: |

| | | | | |
|----------|-----------|------------|---------------------|------------|
| Saksnr | Løpenr. | Klassering | Avd / sakshandsamar | Dato |
| 2008/397 | 4185/2008 | L10/&13 | PUA/HAS | 19.05.2008 |


HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA - OM BO- OG DRIVEPLIKT M.V.

I Hareid formannskap sitt møte 8. d.m. var skriv av 5.2.08 frå Landbruks- og matdepartementet om endringar i odelslova m.m. oppe til handsaming. Formannskapet fatta i det høve, sak 71/08, slikt vedtak:

"Hareid kommune sluttar seg til forslaget som ligg føre frå Landbruks- og matdepartementet om endringar i Odelsloven, Konesjonsloven og Jordloven."

For nærare opplysningar og dokumentasjon viser vi til vedlagde kopi av melding om vedtak frå møte i Hareid formannskap 8.5.2008, sak 71/08, saman med rådmannen si saksutgreiing med tilhøyrande dokument.

Med helsing


Halvard Sæverud

Kopi med vedlegg:

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy



MELDING OM VEDTAK

frå

møte i Hareid formannskap 8.5.2008

| | | | | |
|----------|-----------|------------|---------------------|------------|
| Saksnr | Løpenr. | Klassering | Avd / sakshandsamar | Dato |
| 2008/397 | 4168/2008 | L10 | PUA/ HAS | 16.05.2008 |

**PS 71/08 HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA
OG JORDLOVA - OM BO- OG DRIVEPLIKT M.V. 2008/397**

Formannskapet si handsaming:

Oskar Grimstad fremja slikt framlegg:

Hareid kommune meiner at odel, konsesjon og jordlova bør liberaliserast i tråd med utviklinga i samfunnet elles.

Spesielt vil ein peike på at bu og driveplikta fører til amngelande vedlikehald og mange ubebodde bruk rundt om i landet.

Verdiane på desse bruka i m.a. næringssvake distrikt er langt under reell og normal markedsverdi, trass at mange ønsker å kjøpe dei, da lovverket hindrar fleksibel bruk og etablering.

Røysting:

→ Rådmannen si tilråding vart vedteken med 4 mot 3 røyster.

Formannskapet sitt vedtak:

Hareid kommune sluttar seg til forslaget som ligg føre frå Landbruks- og matdepartementet om endringar i Odelsloven, Konsesjonsloven og Jordloven.

Hareid, 16. mai 2008

Rett utskrift:

Reidun A. Vik

Reidun Auflem Vik

utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering



HAREID KOMMUNE

Rådmann

SAKSFRAMLEGG

| | | |
|------------------|---|--------------------|
| Saksnr. 2008/397 | Løpenr. 3528/2008 | Klassering L10/&13 |
| Sakshandsamar: | Hallvard Sæverud, Plan- og utviklingsavdeling | |

Utvalsaksnr Utval

71/08

FORMANNSKAPET

Møtedato

08.05.2008

HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA - OM BO- OG DRIVEPLIKT M.V.

Tilråding frå rådmannen:

Hareid kommune sluttar seg til forslaget som ligg føre frå Landbruks- og matdepartementet om endringar i Odelsloven, Konesjonsloven og Jordloven.

Utskrift til:

*Landbruks- og matdepartementet, Pb 8007 Dep, 0030 Oslo
Søre Sunnmøre landbrukskontor, 6080 Gurskøy*

Vedlegg:

| | | |
|----|--|-----------------|
| 1. | Skriv frå Landbruks- og matdepartementet | dat. 05.02.2008 |
| 2. | Saksutgreiing frå landbrukssjefen | dat. 18.04.2008 |

Saksutgreiing:

Viser til saksutgreiinga som ligg føre i skriv av 18.04.08 frå landbrukssjefen.

Rådmannen legg saka fram for formannskapet med tilrådinga som står innleiingsvis i dette dokumentet.

Hareid, 25.04.2008

fa Arne Gunnar Aschehoug
rådmann

Nils Inger Nupen

Hallvard Sæverud



DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

VEDLEGG NR.: 1-1
TIL REG. NR.:

Høringsinstanser i henhold til liste

| | |
|-------------------|---------------|
| HAREID KOMMUNE | |
| Omr. Pua | Saksh. Jas |
| 18 FEB 2008 | |
| Saks.nr. 2008/397 | Dok.nr. |
| Løpenr.: | Klass. N00&13 |

Deres ref

Vår ref
200800216-/IAA

Dato
05.02.2008

Høring- Endring i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven - Bestemmelser om bo- og driveplikt mm.

Forslag til endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven er lagt ut på <http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/Horinger.html?id=1994>

Landbruks- og matdepartementet ber om høringsuttalelser **innen 5. mai 2008**. Uttalelser sendes Landbruks- og matdepartementet, postboks 8007 Dep, 0030 Oslo, eller på postmottaket@lmd.dep.no.

Forslagene tar sikte på å oppnå større forutberegnelighet, bedre målretting og forenklinger. De fleste forslagene gjelder bestemmelsene om bo- og driveplikt, men det foreslås også endringer i konsesjonsplikts og odelsrettens omfang og i reglene om forhold som er av betydning for om konsesjon skal gis.

Landbruks- og matdepartementet foreslår:

- At bestemmelsene om boplikt etter odelsloven i hovedsak flyttes til konsesjonsloven, og at bestemmelsene om driveplikt etter konsesjonsloven og odelsloven flyttes til jordloven.
- At boplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog.
- At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensen på 100 dekar totalareal beholdes som i dag.
- At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.
- At det blir et spørsmål om arealgrenser når det skal tas stilling til om det oppstår

boplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil si at det verken etter konsesjonsloven eller odelsloven skal foretas en konkret vurdering av om eiendommen er en "jord- og skogbrukseiendom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".


- At den som ikke vil eller kan oppfylle boplikten må søke konsesjon, dvs. at adgangen til å søke fritak fra boplikt faller bort, og at det gis nærmere regler for konsesjonsvurderingen i disse tilfellene.
- At det gis nærmere regler for vurderingen av om det skal stilles vilkår om boplikt ved konsesjon.
- At boplikten bare kan oppfylles ved at eieren registreres i folkeregisteret som bosatt på eiendommen.
- At driveplikten skal gjelde jordbruksareal som kan drives lønnsomt, uavhengig av om det har skjedd en overdragelse, og være varig.
- At slektskapsunntaket kan oppheves der kommunen har innført forskrift om nedsatt konsesjonsgrense.


Departementet ber også om synspunkter på:

- om det bør innføres boplikt i kommunen ved erverv av utmarkseiendom.

Ut over dette inneholder høringsnotatet forslag til endringer i forskriftsverket, bl.a. innføring av krav til kommunens saksforberedelse ved prisvurdering etter konsesjonsloven, og en tilpassing av konsesjonslovens forskrifter til ny Finnmarkslov.

Med hilsen


Pål Vidar Sollie (e.f.)
ekspedisjonssjef


Inger Grette
avdelingsdirektør

Høringsinstanser:

Departementene
Fylkesmennene
Fylkeslandbruksstyrene
Fylkeskommunene
Kommunene
Den norske advokatforening

VEDLEGG NR.: 13
TIL REG. NR.:

Direktoratet for naturforvaltning
Finansnæringens Hovedorganisasjon
Norges Bondelag
Norges Jordskifte kandidatforening
Norges Skogeierforbund
Norges Takseringsforbund
Norges Eiendomsmeglerforbund
NORSKOG
Norsk Bonde- og Smågrukarlag
Statens landbruksforvaltning
Statskog SF

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for HAREID KOMMUNE

Herøy, Ulstein og Hareid

Saksh.

21 APR 2008

Saks.nr.

2008/397

Dok.nr.

Løpenr.:

Klasse:

N10 & 13

VEDLEGG NR.: 2-1
TIL REG. NR.:

+
Herøy kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune
+

Telefon : 70 08 60 50
Telefaks : 70 08 60 51
E-post: terje@landbrukskontoret.no
6080 Gurskøy

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 18.04.2008
Vår ref.:

Saksbeh.: Terje Kolstad
Telefon: 700 86054

HØYRING – ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA – OM BU- OG DRIVEPLIKT M.V.

Ved brev av 05.02.2008 ber Landbruks- og matdepartementet om høyringsuttale på forslag om endringer i odelslova, konsesjonslova og jordlova innan 5. mai 2008.

Kva detaljane i dei ulike endringsframlegg går ut på viser eg til høyringsnotat, men eg sett opp eit punktvis samandrag av dei endringane det vert gjort framlegg om i høyringsbrevet.

Departementet føreslår:

- At bestemmingane om bu og driveplikt etter odelslova i hovudsak flyttast til konsesjonslova, og at bestemmingane om driveplikt etter konsesjonsloven og odelsloven flyttast til jordlova.
- At buplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 25 dekar dyrkamark, eller over 350 dekar produktiv skog.
- At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 25 dekar dyrkamark. Arealgrensa på 100 dekar totalareal behaldast som i dag.
- At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.
- At det blir eit spørsmål om arealgrensar når det skal takast stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreiar seg om odlingsjord. Det vil si at det verken etter konsesjonsloven eller odelsloven skal føretakast ein konkret vurdering av om eigedomen er ein "jord- og skogbrukseigedom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".
- At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søkje konsesjon, dvs. at adgangen til å søkje fritak frå buplikt faller bort, og at det gis nærmare reglar for konsesjonsvurderinga i desse tilfella.
- At det gis nærmare reglar for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon.
- At buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren registrerast i folkeregisteret som busett på eigedomen.
- At buplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ein overdraging, og vere varig.
- At slektskapsunntak kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsatt konsesjonsgrense.

Departementet ber også om synspunkt på om det bør innførast buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom.

I høyringsnotatet går det fram at målet med dei nye reglane er å styrke og skjerpe bu og driveplikta på landbrukseigedomar over ein viss storleik. Det er og eit ønskje om å forenkle reglane om bu og driveplikt. I rettesystema våre og i sakshandsaminga er det ikkje enkelt å avgjere kva som er ein odelseigedom når det gjeld å avklare om det kvilar bu og driveplikt på eigedomen. Det har vist seg at ein eigar som bur på eigedomen med eingong etter overtaking også i framtida vil bu der. Ventar ein med å buset seg er sjansen større for at ein ikkje buset seg på eigedomen. Ergo, ei utsetjing med buseting/buplikt kan vere eit middel for å sleppe heile buplikta.

Eigedomar utan jordbruksareal vert omtala som utmarkseigedomar i høyringa. Desse omfattar eigedomar med produktiv skog og eigedomar utan produktive areal som t.d. snaufjell m.m. Minstearialet for buplikt ligg etter høyringsnotatet på om lag 10.000 dekar. Eg kan ikkje sjå at det er så store utmarks eigedomar i våre kommunar, og skulle det setjast nokon grense her bør den vel kanskje ligg på om lag 2-3000 dekar. Når det gjeld ei samordning av areal grensene for buplikt og odling er dette positivt. Grensene for buplikt og odling følgjer same grense 25 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord eller 350 dekar produktiv skog. Grensene for konsesjonfritt erverv blir 25 dekar jord eller 100 dekar totalareal som før. Eigedomar over 100 dekar totalareal og under 350 dekar skog vil kunne bli konsesjonspliktige utan buplikt. Eg meiner dette er ei forenkling til det positive. Når det gjeld høve til å oppfylle buplikta blir det berre ein måte etter forslaget, ein må vere registrert i folkeregistret som busett på eigedomen. Dette vil vere meir oversiktleg og greiare å handheve for kommunane. Driveplikta blir varig og gjeld jordbruksareal, men ikkje skog. Driveplikta for skog vert i vareteke i skogloven med miljøføresegnar. Driveplikta kan oppfyllast med bortleige. Er det inngått skriftleg avtale må denne vere på minst 10 år.

Dei føreslåtte endringane medfører ei vesentleg forenkling. Om arealgrensene kan verke høge for våre småbrukskommunar vil eg meine at dette er eit brukande kompromiss det framlaget forslaget som no er på høyring.

Konklusjon:

Eg vil føreslå at kommunane sluttar seg til forslaget frå departementet om endringar i Odelsloven, Konsesjonsloven og Jordloven.

Med helsing

Terje Kolstad
Landbrukssjef